

Innvik Fruktlager SA
Gamlevegen 1
6793 Innvik

26.10.2020

Vestland Fylkeskommune,
Avd. «Innovasjon og næringsutvikling»,
v. Bård Sandal/ Endre Høgalmen,
Askedalen 2,
6863 Leikanger

KLAGE PÅ DYKKAR ADM.VEDTAK PÅ VÅR SØKNAD OM TILSKOT: Dykkar Ref: 2020/60379-7:

Vi viser til Dykkar svar av 01.10.2020 på vår søknad av 15.09.2020 om deling av tidlegare løyvd tilskot på 15. mill kroner til «Ny infrastruktur og felles organisering for frukt-og bærneringa i Sogn og Fjordane». I vår søknad av 15.09. søker vi om at Innvik Fruktlager SA får sin tredjepart av Fylkeskommunen sitt tilskot på 15 mill., sjøl om Innvik Fruktlager ikkje blir med i utbygginga på Håbakken i Lærdal, men heller ser det meir tenleg å bygge ut anlegget i Innvik. Vi vil her trekkje fram følgjande moment i saka:

- I forhandlingsmøte om nytt fellespakkeri på Skei 19.05.2020 mellom representantar for Innvik Fruktlager SA, Sognefrukt SA, og Lærdal Grønt SA vart det av Dykkar sakshandsamar, Kristin Arnestad, sagt at om det vart endringar i prosjektet måtte saka opp til ny politisk handsaming, og at det kunne vere ein risiko med heile tilskotet om det vart store endringar. Dette kan ha gitt føringar for vidare arbeid med prosjektet. At tredjeparten av medlemtalet og tredjeparten av omsetninga for frukt-og bærprosjektet går ut må etter vår klare oppfatning bety at prosjektet blir vesentleg endra, og at saka dermed skal opp til politisk handsaming.
- I Dykkar grunngjeving for å avslå vår søknad om «vår» tredjedel av tilskotet gitt til fellespakkeriet på Håbakken er det moment som ikkje samsvarar med vilkåra for å gje tilskot til prosjektet «Ny infrastruktur og felles organisering for frukt-og bærneringa i Sogn og Fjordane»;
I Dykkar tilskotsbrev av 04.12.2019 til «Ny infrastruktur og felles organisering for bærneringa i Sogn og Fjordane» er det eit overordna vilkår at aktørane, Lærdal Grønt SA/Sognefrukt SA/Innvik Fruktlager SA, forpliktar seg som tenkt, dvs. fusjonerar og at prosjektet vil bli eit stort felles fylkesløft. I Dykkar avslag på vår søknad om deler av tilskotet skriv De derimot at det ikkje var eit krav at alle dei tre aktørane i fellesprosjektet måtte vere med for å få heile tilskotet, og at «innhaldet i prosjektet som fekk støtte no ikkje har endra seg frå då vi skreiv vårt tilskotsbrev». Underteikna meiner at grunnlaget for å gje heile tilskotet til fellespakkeriet har endra seg vesentleg då ein av partane, med 1/3 av medlemstalet, tonnasjen, og 56 mill. i omsetning i fellesprosjektet, ikkje er med på fusjonen. Konsekvensane dette medfører for kostnads-og finansieringsplanen skal det søkjast Sogn og Fjordane

Fylkeskommune om godkjenning på. Det bør òg bety at saka, utfrå det som er skissert tidlegare, skal opp til politisk handsaming. Er dette gjort? Om ikkje undrar det oss at den nye søknaden frå Lærdal Grønt SA og Sognefrukt SA, utan politisk handsaming, gjekk «inn», medan søknaden frå Innvik Fruktlager SA på om lag samme tema vart avvist.

- Slik fellesprosjektet vart presentert var det mange «hol i informasjonen». Bla. fekk ein ikkje fullgod oversikt over økonomiske kostnader og konsekvensar for produsentane ved utbygginga, ikkje oversikt over konsekvensar for sysselsetting og aktivitet i Innvik, og ikkje nokon plan for korleis ein ville ta vare på miljøet i Nordfjord. Og alt skulle besluttast fortast muleg, midt i corona-krisa. Dette førte til skepsis blant medlemmane til Innvik Fruktlager SA mot heile fusjoneringa og fellesprosjektet. Ein såg det tryggast for produsentane i Nordfjord å satse på anlegget i Innvik, der ein visste meir om kostnad og konsekvensar. Dette betyr at om lag 1300 tonn frukt og bær frå Nordfjord, av om lag 6100 tonn totalt i Sogn og Fjordane, levert av 69 Nordfjordingar av totalt 240 i eit evt. fellesprosjekt, ikkje får noko som helst støtte frå Fylkeskommunen til å utvikle næringa i sitt område. Eit tonn frukt frå Nordfjord bør vere like viktig og verdifull for å halde liv i bygdene våre som eit tonn frå Sogn. At Nordfjord-produsentane kanskje sikrar seg mot ein økonomisk «blå-måndag» ved å satse i Innvik framfor på Håbakken burde ikkje ekskludere Nordfjord frå å få tilskot på linje med Håbakken-prosjektet. Framtida vil vise kva som var rett satsing. Innvik Fruktlager er største mottakar av bringebær i Norge med om lag 350-400 tonn årleg. Vi aukar med 200% på epler til om lag 600 tonn epler i 2025, og med 50% til over 300 tonn plomer i 2025. Grunna denne auken har ein ved Innvik Fruktlager stort behov for auka kapasitet på kjøl-og frys, samt behov for moderne sorteringsmaskiner for plomer og epler. Dette gjer oss meir i stand til å handtere marknadsbehovet til ei kvar tid. Ei fylkeskommunal satsing i Innvik burde også kunne inngå i ei del-satsing innan prosjektet «Ny infrastruktur og felles organisering for frukt-og bærnæringa i Sogn og Fjordane». Ein ber derfor om at Fylkeskommunen ser på saka på nytt, og omdisponere deler av dei 15 mill. som er løyvd, eller opnar for at Innvik Fruktlager kan få tilskot på linje med Håbakken gjennom ein ny søknad. Frå Innvik Fruktlager si side er det ønskjeleg med eit møte for å presentere våre planar for politisk og administrativ leiing ved Fylkeskommunen, og imøteser vidare dialog om dette for å kome fram til ei positiv løysing og hjelp for Innvik Fruktlager.

Helsing


Steinar Dvergsdal

Styreleiar


Anita Roset
Dagleg leiar